



Velkommen !

Møtelokalet til Knarvik Frivilligsentral kan brukast av frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Alver kommune. Du får tilgang ved å kontakte driftsleiar Per Ole Ekker på epost per-ole.ekker@alver.kommune.no, sms eller telefon 99 55 45 40

Me håper du synes det er eit greit lokale å bruke og at du forlet det i rydda og god stand. Bord og stolar kan stå.

Dør og nøkkelkort

Du får eit nøkkelkort får å komme deg inn. Koden på kortet er 5914. Døra er då open i ca 10 sekund. Fra kl 15:30 går døra automatisk i lås, så du treng ikkje låse etter deg. Etter bruk legg du nøkkelkortet i postkassa utanfor.



WIFI – bruk nettverket IKTNH-gjest

Når du velgjer dette nettverket blir du beden om å skrive inn mobilnummeret ditt og du får tilsendt ein kode på SMS. Nettet er gratis og kan brukast av alle.

Storskjerm og videokanon


Bruk fjernkontroll for å skru på videokanon. Møtelokalet er satt opp med systemet



ClickShare. Det kan ta nokre minutt før ClickShare er ferdig kommunisert med din medbrakte PC, mobil eller nettbrett. Men når det er fast kvit ring på ClickShare-tingen så trykk midt i sirkelen og du er på storskjerm. Merk at første gong du bruker Clickshare på ditt eige utstyr så kan det ta litt tid med oppsettet. Då kan det være greit å bruke møteroms-PC om du ikkje får kontakt med ditt eige utstyr. Lyd på storskjerm kjem automatisk på.

Møteroms-PC

Datamaskina i møtelokalet er ferdig satt opp med tilgang til internett og ClickShare. Brukarnamn og passord til datamaskina ligg på ein lapp nedanfor skjermen. Dette er kva du ser på skjermen på møteroms-PC når du bruker Clickshare (utan Clickshare-tingen):



Mikrofon, høgtalar og piano

Skru på strømmen. Høgtalar har Bluetooth og kan koblast på alt som bruker Bluetooth. Mikrofonen er påkobla og kan brukast. Piano har og eigen straumknapp og Bluetooth.



Straumkablar

Du finn ekstra straumkablar i ei skuffe i seksjonen i møtelokalet.

Kjøkken

Det er eit fullt utstyrt kjøkken som alle kan bruke.

Toalett

Toalett er ute i gangen.

Gjer deg kjent med brannutstyr og naudutgangar.

Om det er problem med utstyret i lokalet så kan du ringe/sende SMS til Per Ole Ekker (99 55 45 40)